



## Saksprotokoll

---

**Organ:** Fylkestinget

**Møtedato:** 19.10.2018

---

**Sak nr.:** 17/3628-82

**Internt l.nr.:** 47466/18

**Sak:** 40/18

**Tittel:** **Regional plan for kultur 2019-2027, Kultur for alle**

**Behandling:**

**Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:**

Kultur for alle, regional plan for kultur 2019-2027 vert vedteken slik han ligg føre i vedlegg 1.

**Endringsframlegg:**

**Kristeleg Folkeparti** sette fram slikt framlegg:

**Punkt 8.1.1.2 Kulturhusa:**

Linje 3, etter (Husa i bygda): Det er i tillegg mange kyrkjebygg spreidd rundt i heile fylket. Desse er både viktige kulturarenaer og kulturberarar.

**Punkt 8.1.2 Kultur- og naturarven:**

Nytt avsnitt: Den norske Kyrkja representerer ein viktig del av felles kulturarv, både materiell og immateriell. Dei ulike trussamfunna må inkluderast i kulturomgrepet, og som samarbeidspart, til å bygge ståstad og felles forståing i eit mangfaldig samfunn.

**Punkt 8.1.3.2 Musikk, nytt kulepunkt:**

1. Utvikle samarbeidet med kantorane, som er ei stor og desentralisert profesjonell musikargruppe i fylket.

**Arbeidarpartiet og Venstre** sette fram slikt framlegg til nytt kulepunkt under punkt 8.1.3.3:

2. Støtte opp under Teaterfestivalen i Fjaler som arena for produksjon og framføring av profesjonell scenekunst.

**Høgre, Venstre og Framstegspartiet** sette fram slikt framlegg til nytt kulepunkt under punkt

8.2.1.1 Kulturskulane:

3. Arbeide for at hybelbuarar på vidaregåande skule får kulturskuletilbod på skulestaden.

**Arbeidarpartiet og Miljøpartiet Dei Grøne** sette fram slikt framlegg til nytt kulepunkt under punkt 8.1.2.2

Kulturminne:

4. Arbeide for eit bevaringsprogram for fyrstasjonane

**Fylkesordføraren** sette fram slikt framlegg:

Fylkesrådmannen får fullmakt til å justere teksten i planen i samsvar med det han framførte i fylkestinget.

**Avrøysting:**

Tilrådinga frå fylkesutvalet, og alle endringsframlegga, vart samrøystes vedtekne.

### **Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

Kultur for alle, regional plan for kultur 2019-2027 vert vedteken slik han ligg føre i vedlegg 1 med slike tillegg:

Fylkesrådmannen får fullmakt til å justere teksten i planen i samsvar med det han framførte i fylkestinget.

#### **Punkt 8.1.1.2 Kulturhusa:**

Linje 3, etter (Husa i bygda): Det er i tillegg mange kyrkjebygg spreidd rundt i heile fylket. Desse er både viktige kulturarenaer og kulturberarar.

#### **Punkt 8.1.2 Kultur- og naturarven:**

Nytt avsnitt: Den norske Kyrkja representerer ein viktig del av felles kulturarv, både materiell og immateriell. Dei ulike trussamfunna må inkludrast i kulturomgrepet, og som samarbeidspart, til å bygge ståstad og felles forståing i eit mangfaldig samfunn.

#### **Punkt 8.1.2.2 Kulturminne**, nytt kulepunkt:

5. Arbeide for eit bevaringsprogram for fyrstasjonane.

#### **Punkt 8.1.3.2 Musikk**, nytt kulepunkt:

6. Utvikle samarbeidet med kantorane, som er ei stor og desentralisert profesjonell musikargruppe i fylket.

#### **Punkt 8.1.3.3 Scenekunst**, nytt kulepunkt:

7. Støtte opp under Teaterfestivalen i Fjaler som arena for produksjon og framføring av profesjonell scenekunst.

#### **Punkt 8.2.1.1 Kulturskulane**, nytt kulepunkt:

8. Arbeide for at hybelbuarar på vidaregåande skule får kulturskuletilbod på skulestaden.